





**PÅ RAUD
GRUNN ATTE
GULL
SPISSRUTER
I ROSETT**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 19.12.1986, og er teikna av Stein Davidsen. Attebladsrosa er eit tradisjonelt mønster i husflid og folkekunst i Hardanger. Dette motivet finst i treskurd og tekstil av mange slag.



Den gamle bygdemølla i Ulvik er i dag sett i god stand.



Portalen frå stavkyrkja i Ulvik er idag på Historisk Museum i Bergen.



ULVIK

Ulvik, samansett med dyrenamnet ulv, er truleg det opphavlege namnet på prestegarden, som no ligg på Nedre Hakastad. Dette siste namnet er avleidd av mannsnamnet Haki. Førsteleddet i Brakanes er brake «einer». Hjeltnes har fått namn etter Hjelten, ein langstrekt stein i sjøen nedanfor garden. Namnet er avleidd av gno. hjalt «handtak på sverd». Sisteleddet i Lekve og Øydve, gno. Leikvin og Eiðvin, er vin «naturleg eng». Til grunn for førsteleddet i Spånheim, ofte skrivne Sponheim, ligg spånn «spån, treskive i sverdslira», truleg om eit terrengtilhøve på garden. Finse, gno. Firnsær, kan tydast som «villmarksvatnet». Vallaviki reflekterer eldre Vall-land «grasmark» og er såleis i slekt med Valland i Kvam. Hallanger er moeleg samansett av gno. hall «hall» og gno. angr «trong vik, fjord».



Det er turistane og reiselivet som har skapt grunnlaget for hotellet på Brakanes.